795 534	BRO-prosjektet								BRO prosjektet ble utviklet i mai/juni 2015. Restleveranser er absorbert i programmets øvrige prosjekter/leveranser.
795 544	Regional innføring av Checkware Regionalt								Ift. direktiv og revidert plan er prosjektet nå i god flyt og «generelt i grønt». Beslutning om utrulling (fase 2) forventet tidlig i 2016. Fokus er fortsatt valg av tester, standardisering og faglig forankring. Det er også en avhengighet til Helse Vest IKT, da det foregår revurderinger av gjeldende avtaler.
795 543	Multimonitorer i ambulansetjenesten Regionalt								Løsning er formelt produksjonssatt, og prosjektet er i avslutningsfasen. Pga. sykdom i prosjektledelsen, er revidert plan at sluttrapport og de siste formelle overleveringer blir ferdigstilt i januar 2016.
795 551	Brukeradministrasjon Regionalt								«DIPS IDM Connector» ble anskaffet/installert i desember 2015 og testes i januar 2016. Det arbeides godt i prosjektet med å få løsningen satt i produksjon tidligere enn opprinnelig planlagt. Nytteeffekter vil dermed komme tidligere.
795 555	Regional EKG Database Regionalt								Det er i januar 2015 planlagt for en ekstern ressursallokering av prosjektleder, og det forventes at prosjektet formelt kan startes ila februar 2016.

Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

	PROGRAM Støtte til samhandling								
P-nr.	P-namn	Foretak	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte	Kommentar
795 440	PROGRAM Støtte til samhandling	HVE							Planlegger avslutning av programmet og prosjektene knyttet til Basismeldinger, PLO-meldinger og dialogmeldinger. IHR og Adressering vil gå videre som enkeltstående prosjekter. Programmet lager prosjektkandidater for resterende meldinger som må behandles i porteføljen.
795 444	Adressering Regionalt	HVE							Venter på leveranser fra foretaket sine leverandører - forsinket. Teste tjenestebasert adressering. Følge opp tiltak knyttet til nasjonalt prosjekt Strakstiltak adressering.
795 495	IHR – innføring Regionalt	HVE							Tid: Forsinkelser i leveransene fra DIPS, Godkjent forlengelse hele 2016. av porteføljestyret Risiko: Leveranser fra DIPS, EPJ leverandører Kvalitet: Utfordring med kvalitet på nye leveranser til legekontorene,
795526	Pilot Dialogmeldinger Regionalt								Sluttrapport og løsningsforslag er utformet og overlevert styringsgruppen og Helsedirektoratet. Prosjektet er avsluttet.
795 449	Basismeldinger Regionalt	HVE							Aktivt arbeid med RIS løsninger. Forsinkelser på RIS leveranser. Endringsmelding for regionalt prosjekt utarbeidet og godkjent av porteføljestyret
	Basismeldinger Helse Bergen	HBE							Oppstart av henvisninger svar for Agfa RIS.
	Basismeldinger Helse Stavanger	HST							Oppstart av henvisninger svar for CS RIS.
	Basismeldinger Helse Fonna	HFO							Pilot pågår for Siemens RIS. Svar på 1.3 i januar 2016.
	Basismeldinger Helse Førde	HFD							Oppstart av henvisninger for Dips RIS.
	Basismeldinger Haraldsplass DS								Oppstart av henvisninger svar for Agfa RIS
795 446	Pleie og omsorgsmeldinger Regionalt	HVE							PLO for psykiatri og rus mellom Helse Bergen og deres kommuner utsatt. Oppstart av PLO for DPI gjort i desember, kun HSR gjenstår . Endringsmelding for regionalt prosjekt utarbeidet og godkjent av porteføljestyret
	Pleie og omsorgsmeldinger Helse Bergen	HBE							PLO for psykiatri og rus utsatt til mars.
	Pleie og omsorgsmeldinger Helse Stavanger	HST							I produksjon med Somatikk og Psyk. Sluttrapport levert.
	Pleie og omsorgsmeldinger Helse Fonna	HFO							I produksjon med Somatikk og Psyk. Sluttrapport levert

Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

	PROGRAM Støtte til samhandling								
P-nr.	P-namn	Foretak	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte	Kommentar
	Pleie og omsorgsmeldinger Helse Førde	HFD							I produksjon med Somatikk og Psyk. Sluttrapport levert
	Pleie og omsorgsmeldinger Haraldsplass Diakonale Sykehus								Ferdig med PLO Somatikk. Har ikke PLO Psyk. Sluttrapport levert.

	PROGRAM LIBRA								
P-nr.	P-namn	Foretak	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte	Kommentar
795520	<u>Program LIBRA</u>	HVE							Mulige ressurskonflikter kan medføre forskyvning i aktiviteter mhp tid. Usikkerhet i forhold til hva markedet kan tilby av løsning.
795537	LIBRA - Felles registre Regionalt	HVE							Gjennomføringsfase 2 startet i desember 2015. Fokus på innføring av informasjonsstyring for leverandørregisteret.
795542	LIBRA – Anskaffelse Regionalt	HVE							Evalueringsfase vil involvere mange ressurser og vil kreve stort fokus. Kan bli krevende å administrere, samt utfordrende for sentrale ressurser å få satt av nok tid.

	PROGRAM Alle Møter								
P-nr.	P-navn	Foretak	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte	Kommentar
795 496	PROGRAM Alle Møter	HVE							Tid: På plan ift kommende leveranser. Risiko: Mangler prosjektleder fra integrasjonssenteret og tilstrekkelig med kapasitet på integrasjonsarkitekt. Er i dialog med integrasjonssenteret om løsning.
795 502	Ringetjeneste - SMS	HVE							Prosjekt på plan. Helse Bergen venter med «ny tildeling-sms».
795 504	Vestlandspasienten	HVE							Prosjekt på plan. Risiko: Vanskelig å følge opp deler av funksjonalitet. Personell: Stort press på arkitekter samt sykmelding på koordinator mellom Dips og Integrasjonssenter.

Verksemndsrapport for Helse Vest IKT AS

	Prosjekt ikkje tilknytt program								
P-nr.	P-nr.		Tid	Kost	Kvali-tet	Risiko	Personell	Nytte	Kommentar
795 465	Digitalt mediaarkiv (DMA)og RIS/PACS konsolidering)	HVE							Tid: Prosjektet følger reviderte planer for DMA med prodsetting av ny versjon 9 februar. Migrering og forsinkelser, spesielt i Stavanger påvirker kreftpakkeforløpsprosjektet. Personell: Lokal innføringsansvarlig i Førde er ikke på plass. I Bergen er lokal innføringsansvarlig sykemeldt. Kost: På grunn av forsinkelse skyves kostnader fra 2015 til 2016. Risiko: MTA ressursituasjonen i Stavanger, lokale prosjekter og migrering er det største og vanskeligste områdene å håndtere. Nytte: De lokale prosjekteierne vil få et stort ansvar her.
795 480	Follow me print	HVI							Prosjektleder jobber med plan for ferdigstilling av prosjektet. Forhåpentligvis avsluttes prosjektet ila februar.
795 483	Test og innføring i Helse Vest (TINN)								Konkret arbeid med flere leveranser iverksatt – progresjonen i prosjektet er god. Det jobbes nå frem mot styringsgruppemøte i februar. Budsjettramme for 2015 er avklart (2016?) .
795 485	(BKM) Utfasing av POLK fase 2 – Nytt laboratoriekodeverk fase 3. Fase 2 BKM:	HVE							Fase 2 BKM: Beslutning i STG møte den 19.03.15, «Legge dette arbeidet ned inntil det foreligger en regional løsning for RIS» Status pr august: Prosjekt for konsolidering av RIS løsninger i HV er startet opp. Prekvalifisering er gjennomført og tilbudsdokumenter er i ferd med å bli utarbeidet.
	Fase 3 Nytt laboratoriekodeverk:	HVE							Fase 3 Nytt laboratoriekodeverk: Tid: Ny plan må etableres når leverandører kan tidfeste leveranser og når kodeverk/mapping kan komme på plass. Kvalitet: Test må avdekke om visning i mottakende løsning er faglig akseptabel. Risiko: Omfang av endringer på legekortløsningen kan forsinke fremdrift. Personell: Lokale arbeidsgrupper jobber godt med lokal mapping.
795 491	Felles bruk innkjøpssystem/leverandørregister	HVE							Siste del av november ble brukt til testaktiviteter og planlegging av produksjonssetting. Gjenstående aktiviteter er evalueringsmøte om prosjektgjennomføringen og sluttrapport. Det er også en del overleveringsaktiviteter som pågår i januar.
795 489	PoPP	HVE							På plan. Risiko: Rødt på grunn av ressursmangel og tilgang til konfigureringsressurs i Evry.
795 506	Anskaffelse nytt LMS	HVE							Status per sept 2015.
795 508	Transportadministrasjon Regionalt	HVE							Implementering er i gang. Tid: HFO vil ha behov for prøvedrift en periode, driftssetting kan drøye ut i februar. Tidspunkt for ferdigstilling skyves grunnet utfordringer knyttet til installasjon og testprosess (HVIKT). Kost:) Kun små avvik frå budsjett.
795 523	Anskaffelse av sporing og LIS-system patologi								Fremdeles en del arbeid som gjenstår etter oppstart av begge laboratorier. Personell er markert som grønn, men med gul tendens
795 524	SEBRA								Prosjektet pauses til høsten 2016. Se endringsmelding 108.

Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

Prosjekt ikkje tilknytt program									
P-nr.	P-nr.		Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Nytte	Kommentar
795 525	Anskaffelse / innføring sporingssystem biobank Helse Vest								Rapportering fra oktober 2015.
795 531	Samhandling AMK i Helse Vest								Fremdriften i prosjektet er forsinket. Oppstått behov for en fornyet gjennomgang av de overordnede ledelsesmessige forhold knyttet til VAMK. Prosjektledelsen har dialog med prosjekteier vedr dette. Tid: Mål å overlevere endelig rapport til SG i slutten av januar. Kost: Dersom prosjektet løper ut over fastsatt dato kan prosjektet overskride budsjettet. Risiko: Mulig forsinket leveranse av sluttrapport dersom beslutninger trekker ut.
795 536	KULE Innføring	HVE							Tid: Usikkerhet knyttet til tidspunkt for oppstart pilot av legemiddel logistikk-løsning grunnet sen leveranse. Kvalitet: Noe behov for forbedring av løsning. Kost: Underforbruk i forhold til budsjett i 2015. Risiko: Usikkert når feilretting kan løses. Kapasitet hos leverandør usikkert. Viktige ressursforespørsler ennå ikke godkjent. Personell: Stor arbeidsbelastning på ressurser.
795 545	Innføringsprosjekt for nytt felles FDVU-system i Helse Vest	HVE							Tid: (Endret fra rød til gul denne periode) Grunnet kapasitetsutfordringer hos seksjon for Integrasjon og Utvikling i Helse Vest IKT er oppstart i arbeidet med design av systemintegrasjoner ca. 6 måneder forsinket. Påvirker pilot. Øvrige aktiviteter og leveranser følger opprinnelig plan. Positivt avvik i budsjettet er skjøvet fra 2015 til 2016. Dette skyldes hovedsakelig forsinkelser. Det er imidlertid stor usikkerhet knyttet til fremdriften med systemgrensesnittene og det er en viss risiko for at prognosen for 2016 er i underkant av behovet. Personell: Ingen endringer ift prosjektdirektiv, men man har en risiko som går på stor arbeidsbelastning på prosjektmedlemmene.
795 548	RIS Anskaffelse								Mottatt tilbud fra 2 leverandører, startet forberedelser til innføringsprosjektet. Fokus neste periode: evaluering av mottatte tilbud, forberedelse til forhandling med leverandører
795 550	Optimalisering EPJ Forvaltning								Prosjektet leverte sin anbefaling til styringsgruppen 26.11.15 ihht milepælsplan. Som følge av utestående juridiske vurderinger ble det ikke fattet en beslutning og det har det vært en «time out» for prosjektet i desember. Ny dato for ferdigstilling er ikke satt
795 554	Ny ekstern meldingsplattform								Utvikling følger planen, men testløpet er utfordrende, kan påvirke dato for start av pilot. Personell: Testleder har vært syk i det siste. Prosjektet har fått tilgang på andre testledere. Tidkrevende å sette seg inn i problemstillingene. Mulig nødvendig å utsette pilotoppstart. Potensiell utfordring: Bergen legevakt er ikke registrert på NHN AR. Det arbeides med løsning. Lang responstid på feil og endringsønsker fra leverandør (Communicate)
795 552	Regional innovasjonsløsning								Prosjektrapport fremlegges styringsgruppen 21 januar 2016
795 553	FDV Medusa								

Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

	Program/prosjekt
	Program Klinisk IKT
	Program Støtte til Samhandling
	Program LIBRA
	Program Alle Møter
	Andre medisinsk-faglege system
	Administrative system (HR/økon/komm.)
	IKT/ teknisk/ infrastruktur

3 Økonomisk resultat per utgangen av januar

3.1 Oversikt

Rapporten syner eit drifts- og månadsresultat over budsjett. Rekneskapen per januar må sjåast i samanheng med februar, då det gjerne er etterslep av kostnader og inntekter i starten av året. Resultat hittil i år er over budsjett. Fakturerte inntekter hittil i år er lik budsjett. Korrigering pensjonskostnader som vi ikkje skal målast på er knytt til lågare estimert pensjonskostnad i oppdatert aktuarberekning frå KLP.

Prognose på eit overskot på 1 mill for 2016 er ikkje endra.

3.2 Resultat

Resultatrapport per 31.01.2016

Resultatrapport per januar 2016	Denne perioden			Hittil			Hele året	
	Faktisk	Budsjett	Avvik budsjett	Faktisk	Budsjett	Avvik budsjett	Prognose	Budsjett
Salsinntekter - Tenester HF	67 334 866	66 993 806	341 060	67 334 866	66 993 806	341 060	827 174 904	827 174 904
Salsinntekter - Tenester Øvrige	2 564 302	2 631 966	-67 664	2 564 302	2 631 966	-67 664	31 607 450	31 607 450
Salsinntekter - Varer	2 033 801	1 978 453	55 348	2 033 801	1 978 453	55 348	25 000 004	25 000 004
Salsinntekter - Anna	669 218	2 126 718	-1 457 500	669 218	2 126 718	-1 457 500	25 520 619	25 520 619
Sum Salsinntekter	72 602 187	73 730 944	-1 128 756	72 602 187	73 730 944	-1 128 756	909 302 977	909 302 977
Driftskostnader - Varer	2 097 948	2 083 334	14 614	2 097 948	2 083 334	14 614	25 000 004	25 000 004
Driftskostnader - Personal	23 729 396	23 764 864	-35 468	23 729 396	23 764 864	-35 468	269 514 184	275 597 836
Driftskostnader - Avskrivningar	16 931 266	17 351 207	-419 941	16 931 266	17 351 207	-419 941	210 389 100	210 389 100
Driftskostnader - Eksterne tenester	5 616 918	4 687 012	929 906	5 616 918	4 687 012	929 906	76 525 223	76 525 223
Driftskostnader - Lisensar	15 658 042	18 619 474	-2 961 433	15 658 042	18 619 474	-2 961 433	223 433 689	223 433 689
Driftskostnader - Reise	292 414	336 761	-44 346	292 414	336 761	-44 346	5 612 678	5 612 678
Driftskostnader - Linjeleie	3 431 669	2 586 303	845 366	3 431 669	2 586 303	845 366	31 035 631	31 035 631
Driftskostnader - Anna	3 655 848	4 317 610	-661 762	3 655 848	4 317 610	-661 762	52 708 816	52 708 816
Sum Driftskostnader	71 413 500	73 746 563	-2 333 063	71 413 500	73 746 563	-2 333 063	894 219 325	900 302 977
Driftsresultat	1 188 687	-15 619	1 204 307	1 188 687	-15 619	1 204 307	15 083 652	9 000 000
Inntekt - Finans	119 939	83 333	36 606	119 939	83 333	36 606	1 000 000	1 000 000
Kostnad - Finans	616 185	750 000	-133 815	616 185	750 000	-133 815	9 000 000	9 000 000
Sum Finans	-496 246	-666 667	170 421	-496 246	-666 667	170 421	-8 000 000	-8 000 000
Resultat	692 441	-682 286	1 374 727	692 441	-682 286	1 374 727	7 083 652	1 000 000
Korrigerings pensjonskostnader	-506 971	-	-506 971	-506 971	-	-506 971	-6 083 652	-
Korrigert resultat	185 470	-682 286	867 756	185 470	-682 286	867 756	1 000 000	1 000 000

Salsinntekter tenester helseføretak (HF) ligg 0,3 mill. over budsjett så langt i år.

Salsinntekter tenester øvrige er som budsjett så langt i år.

Salsinntekter Anna er tilskot til drift og utvikling av medisinske kvalitetsregistre og inntektsført andel av tilskot til raskare innføring av elektroniske tilvisingar frå revidert nasjonalbudsjett 2013 og statsbudsjett 2014. I tillegg kjem tilskot til dekning av merpensjon. Det er i januar ikkje ført tilskot for kvalitetsregistre eller pensjon.

Personalkostnader er som budsjett, men har gir lågare pensjonskostnader eit betre bilete enn reellt. Korrigert for dette har vi eit avvik på 0,5 mill.

Avskrivningar ligg 0,4 mill under budsjett.

Eksterne tenester ligg 0,9 mill over budsjett. Budsjettet må sjåast i samanheng med posten Anna, kor avsetning på fakturaer i flyt er bokført. Bruken av eksterne er høgare enn venta.

Lisenskostnader ligg 3,0 mill under budsjett. Budsjettet må sjåast i samanheng med posten Anna, kor avsetning på fakturaer i flyt er bokført. Det er her eit etterslep på årsfakturaer som har kome i februar.

Linjeleige ligg 0,8 mill over budsjett. Linjeleige inngår i variabel del av nettverkskostnader som blir viderefakturert HF.

Andre kostnader er i hovudsak avsetning for fakturaer som er under behandling, og som skal fordelast på øvrige grupper.

Netto finanskostnad ligg 0,2 mill under budsjett. Vi har i prognosen lagt til grunn at lånerenta vil halde seg låg.

3.3 Balanse 31.01.2016

Balanserekneskap er ikkje tatt med for januar, oppdatert rapport tas med ved neste rapportering. Likvide midler utgjør 30,3 mill, og vi har behov for lån frå Helse Vest RHF i løpet av februar/mars.

Note 1 tilgang anleggsmidlar 13,6 mill, fordelt på prosjekt.

Verksemndsrapport for Helse Vest IKT AS

Prosjekt	Prosjektnavn	Beløp
000000	Anskaffelse av infrastruktur (nettverk, server, lagring)	2 475 358
000000	Anskaffelse av PC	1 625 825
795424	Program Klinisk IKT	-7 340
795432	Kliniske integrasjoner	123 526
795444	Adressering	51 506
795449	Basismeldinger - regionalt prosjekt	45 631
795465	Digitalt media-arkiv	919 396
795483	Kvalitet og test i Helse Vest	42 525
795484	EPJ konsolidering	43 614
795485	BKM - Fase 2	26 906
795492	Felles leverandørregister	9 823
795495	IHR innføring	381 382
795502	Ringetjeneste	94 391
795504	Vestlandspasienten	785 856
795508	Transportadministrasjon i Helse Vest	18 550
795522	Overgang til DIPS Arena	35 251
795523	Anskaffelse av sporing og LIS-system for Patologi	2 100
795525	Sporingsystem til Biobank	182 494
795536	KULE innføring	1 444 885
795545	Innføringsprosjekt for nytt felles FDVU-system i Helse Vest	710 805
795549	POPP Innføring	265 719
795551	Brukeradministrasjon	78 794
795554	Ny ekstern meldingsplattform	760 736
795559	Anskaffelse av infrastruktur (nettverk, server, lagring)	1 050
A00418	Anskaffelse av infrastruktur (nettverk, server, lagring)	136 375
IT0025	Nytt klinisk genetisk datasystem	16 019
IT0029	Datakom - WLAN utbyggingsplan HBE	6 943
IT0039	Datakom Sengebygg Sør Haukeland	1 900 653
IT0043	Datakom WLAN Stavanger	902 606
IT0052	2-faktor autentisering for Helse Vest	17 150
IT0062	Datakom Mottaksklinikken, HBE	108 270
IT0065	Castor vare- og logistikksystem	19 619
IT0066	SAV Virksomhetsstyring	85 750
IT0067	Datakom - Utrulling av trådløse nett i Helse Vest	63 000
IT0072	Datakom Legevakt Solheimsgaten 9	13 593
IT0084	Datakom WLAN utbygging HFD	189 779
IT0092	Kreftforløp videostudio HBE	3 500
IT0093	Kreftforløp videostudio HST	1 750
IT0094	Kreftforløp videostudio HFD	3 150
IT0095	Kreftforløp videostudio HFO	1 750
Totalsum		13 588 690

4 Personellressursar


Viser perioden frå desember februar 2015 til og med januar 2016. Starten av perioden viser noko høgt fråvær, betring i mars og april, greie tal i sommar og resten av perioden.

	201502	201503	201504	201505	201506	201507	201508	201509	201510	201511	201512	201601	Snitt siste 12 mnd.
Sjukefråværs prosent	6,55	5,09	4,37	3,82	4,17	2,58	3,45	4,82	4,08	5,27	4,78	4,79	4,45


Sykefravær ny nasjonal definisjon




Snitt fravær



Rapporterer sykefraværsdagsverk og brutto/netto månadsverk frå gammel kube.



Brutto og netto månadsverk frå gammel kube




Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

Tar med en tabell som viser antall tilsette i selskapet, tal frå gammel kube.

Tabellen har med tilsette med status slutta i perioden og ikke slutta i perioden.

Tall medarbeidere kan difor fremstå som litt for høge i måneder der medarbeidere slutter.



Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

Turnover siste 12 mnd, Kun fast tilsette.

	201601	201502	201503	201504	201505	201506	201507	201508	201509	201510	201511	201512	Snitt siste 12 mnd
Antall sluttet i perioden	0	2	2	2	0	2	1	0	0	4	0	0	13
Tal medarbeidarar	406	351	359	369	373	379	382	383	390	394	393	395	381
Turnover i prosent	0,00 %	0,58 %	0,57 %	0,56 %	0,00 %	0,54 %	0,26 %	0,00 %	0,00 %	1,03 %	0,00 %	0,00 %	3,41 %

SAK 005-16

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 01.03.2016

SAKSHANDSAMAR: Øyvind Røen Sjøtun, Leif Nordland og Erik M. Hansen

SAKA GJELD: **Styret sin årsberetning for 2015**

ARKIVSAK:

STYRESAK: 005/16 B

STYREMØTE: 09.03.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner «Styret sin årsberetning for Helse Vest IKT AS for 2015»

Oppsummering

Det er i denne saka lagt fram forslag til styrets årsberetning for 2015.

Fakta

For å unngå for «mykje papir», vert det for forslag til tekst vist til sidene 7 – 13 i vedlegg 1 til sak 006/16.

Forslag til styrets årsberetning er oversendt til ekstern revisor for gjennomgang.

Kommentarar

Framlegget til styrets årsberetning er basert på dokumentet "Årleg melding til Helse Vest RHF for 2015", jfr. sak 086/15 i styremøtet 16.12.2015.

SAK 006-16

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 01.03.2016

SAKSHANDSAMAR: Leif Nordland og Erik M. Hansen

SAKA GJELD: **Godkjenning av årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2015**

ARKIVSAK:

STYRESAK: 006/16 B

STYREMØTE: 09.03.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2015.

Oppsummering

Årsrekneskap for Helse Vest IKT AS er ferdig revidert. Representant for revisor vil delta i styremøtet under handsaming av denne saka.

Fakta



Viser til vedlegg 1 for årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2015.

Årsresultatet for 2015 var eit underskot på 550.180 kr.

Konklusjon

Årsrekneskap med notar for Helse Vest IKT AS for 2015 er lagt fram for styret til godkjenning.

ÅRSREKNESKAP 2015



Innhald

Visjon og forretningsidé	4
Styringsbodskap og mål	5
Organisasjonskart	6
Årsberetning	7
Resultatrekneskap 2015	14
Balanserekneskap 2015	15
Kontantstraumoppstilling 2015	17
Notar	19
Melding frå revisor	30





OM OSS

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004.

Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helse-teneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

NØKKELTAL

- 424 tilsette
- Omsetning i 2015 på 889 mill. kr.
- Drift og forvaltning av 1073 system.
- Leverer IKT-tenester til 38.159 brukarar
- Leverer 21.259 PC-ar på 140 ulike stadar

KONTAKT

Ibsens gate 104
5052 BERGEN

Telefon: 55 97 65 00

E-post: postmottak@helse-vest-ikt.no

Web: www.helse-vest-ikt.no

Org.nr: 987 601 787

VISJON OG FORRETNINGSIDÉ



VISJON:

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlingen.

FORRETNINGSIDÉ

- Helse Vest IKT AS skal være leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.
- Helse Vest IKT AS skal være den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysingar vert kjøpt inn, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.
- Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelege for kundane ved behov.

STYRINGSBODSKAP OG MÅL

STYRINGSBODSKAP

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.

OVERORDNA MÅLSETTINGAR

Helse Vest IKT har ein todelt funksjon. Selskapet skal 1) produsere IKT-tenester og 2) bidra til innovativ bruk av IKT i helseføretaka.

Produsere IKT-tenester

- Helse Vest IKT skal gjennom proaktiv overvaking og god beredskap sørge for stabil drift av infrastruktur og løysingar.
- Helse Vest IKT skal sørge for einskapleg og kosteffektiv produksjon av IKT-tenestene.
- Helse Vest IKT skal sørge for å redusere ressursbruken og auke kvaliteten ved å standardisere og kontinuerleg forbetre infrastrukturen, løysingane og prosessane som bidreg til at IKT-tenestene vert levert.
- Helse Vest IKT skal samordne og integrere løysingar for å understøtte at nødvendig informasjon om pasienten følgjer han gjennom pasientforløpa både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Helse Vest IKT skal i rolla som databehandlar sjå til at den tekniske IKT-tryggleiken er innanfor eit akseptabelt risikonivå, slik at tilgangen til, konfidensialiteten for og integriteten av informasjon vert sikra.


Bidra til innovativ bruk av IKT

- Helse Vest IKT skal bidra til å forenkle pasientbehandlinga i brei forstand og gi høve til gevinstrealisering ved innovativ bruk av teknologi og løysingar.
- Helse Vest IKT skal bidra til kontinuerleg utvikling i bruken av IKT gjennom å leggje til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og relevante leverandørar.
- Helse Vest IKT skal bidra til at verksemdsarkitektur vert etablert og forvalta i Helse Vest for å understøtte strategiane til føretaksgruppa.
- Helse Vest IKT skal forvalte, forenkle og utvikle teknologi- og applikasjonsarkitekturen for å understøtte arbeidsprosessar og pasientflyt.
- Helse Vest IKT skal støtte moderne arbeidsflater som byggjer opp om arbeidsprosessane på ein fleksibel og mobil måte.
- Helse Vest IKT skal bidra til å bruke om att IKT-erfaringar og kompetanse i verksemdene og utveksle erfaringar og kompetanse mellom verksemdene.
- Helse Vest IKT skal bidra til å sikre endå betre vedtaksgrunnlag i forkant av større teknologiinvesteringar eller ved investeringar der teknologi spelar ei vesentleg rolle.
- Helse Vest IKT skal ha kompetanse innanfor porteføljestyring og program-, prosjekt- og testleining for bruk ved gjennomføring av prosjektporteføljen til Helse Vest.

LEIARGRUPPA I HELSE VEST IKT

						
Erik M. Hansen Administrerende direktør	Leif Nordland Økonomisjef	Ørjan Andersen Avdelingsleiar Tenesteutvikling	Harald Flaten Avdelingsleiar Tenesteproduksjon	Fredrik Eldøy Avdelingsleiar IKT-fagsenter	Gjertrud Fagerli Avdelingsleiar Verksamdsutvikling	Geir Granerud Avdelingsleiar Innovasjon og arkitektur
Hovudfag i Informatikk frå UiB. Tidlegare forskar/forskingssleiar ved CMR, og IKT-direktør ved Haukeland Universitetssjukehus.	Siviløkonom frå Handelshøgskulen i Bodø. Tidlegare økonomisjef i Hummervoll AS og rekneskapssjef i Helse Bergen.	Hovudfag i Informasjonsvitenskap frå UiB. Tidlegare konsulent i PWC og rådgjevar og prosjektleiar i Helse Bergen.	Elektronikkingeniør frå NKIs Ingeniørhøgskule i Bergen. Tidlegare driftsingeniør i Televerket og driftsleiar for IT-avdelinga ved Sentralsjukehuset i Førde.	Sivilingeniør i telematikk frå NTNU. Tidlegare arbeida på UiB og hos EDB Business Consulting.	Sivilingeniør og leiarutdanning frå NHH og BI. Har tidlegare arbeida i Accenture, Telenor og EDB Business Partner.	Bachelor i International Business. Tidlegare CIO Mirror Accounting og prosjektleiar i Helse Vest IKT.

ORGANISASJONSKART



ÅRSBERETNING

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01. november 2004. Selskapet er eit resultat av samanslåinga av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest, og er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Helse Vest IKT er etablert med kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

Helse Vest IKT AS har som formål å levere IKT-tenester til alle helseføretaka som inngår i føretaksgruppa Helse Vest RHF. I tillegg kan Helse Vest IKT AS levere IKT-tenester til ein avgrensa ekstern marknad innan helsesektoren der dette er naturleg. Helse Vest IKT skal bidra til at IKT vert nytta av helseføretaka slik at desse kan nå sine målsettingar om å yte gode og effektive spesialisthelsetenester til brukarane.

KULE rullar vidare

Helse Vest IKT sitt system for Kurve- og legemiddelhandtering har i 2015 blitt rulla ut i fleire avdelingar på Haukeland sjukehus.

I 2015 har Helse Vest IKT begynt arbeidet med å leggje til rette, pilotere og innføre heilskapleg kurve- og legemiddellogistikk-løysingar. Helse Vest tek i bruk tyske Meona si elektroniske kurveløysing som er velprøvd og i drift på ei rekkje sjukehus i Tyskland. Løysinga skal erstatte dagens papirkurver, og omfattar også lagerhold for legemiddel på sjukehuspostane og bestilling av legemiddel frå sjukehuspostane til sjukehusapotek.


Pilotering handlar om å teste ut alle deler ved løysinga, som generell funksjonalitet, nye arbeidsprosessar, integrasjonar med medisinsk utstyr og andre deler av pasientjournalen og sjå til at overføringa mellom avdelingar går som planlagt.

Ut med papiret

For å få til ein pilot som dekkjer alle desse områda, vert det gjennomført ei omfattande pilotering. Først ut var Lungeavdelinga, som begynte i mai 2015. I september starta Medisinsk avdeling og i november Mottaksklinikken. Alle avdelingane er i Helse Bergen HF. Totalt har om lag 800 medarbeidarar blitt involvert i piloteringa. Erfaringane med systemet har så langt vore positive.

Skal spare millionar

Målet med KULE er at ein skal kunne spare tid på å digitalisere arbeidsprosessane til helsearbeidarane. I Helse Bergen har dei no tru på at prosjektet vil kunne bidra til innsparing.



Med tilgang til datamaskinar og nettbrett ved sengepostane blir medisininga straks mykje enklare.

Foto: Øyvind Sjøthun Røen

ÅRSBERETNING

Alle bileta på ein plass

I mai starta piloten på Digitalt Mediarkiv (DMA) ved Hudavdelinga. Innan 2016 skal alle bileta inn i den store databasen.

Tidlegare har viktige bilete av pasientar vore lagra på lokale datamaskinar, i hyllar og skap, på minnebrikkar og på eksterne harddiskar. Dette har ikkje vore bra og ulempa er at bileta ofte ikkje er tilgjengelege for andre og kan vere vanskelege å finne attende til. Med DMA-prosjektet ønskjer ein å få ein slutt på dette.

Ved å gjere bileta tilgjengeleg i ein stor database vil vi skape større tryggleik og sørge for at den relevante informasjonen er lett tilgjengeleg. Eit viktig skritt er å kople billedatabasen saman med pasientjournalane.

Gode erfaringar frå Gastrokirurgisk avdeling

I mai 2015 starta den første piloten på Hudavdelinga og Gastrokirurgisk avd. på Haukeland sjukehus, Helse Bergen HF. Avdelingane er så langt godt fornøgd med systemet.

Bruk av multidisiplinære team for å vurdere pasientar med kreft og andre alvorlege diagnoser blir stadig meir vanlig, og prosjekt pakkeforløp kreft legg opp til stor bruk av slike møter i regionen. Prosjekt pakkeforløp kreft legg opp til at DMA skal sikre at relevante bilete finst frå ei kjelde, og ikkje opptil 10-15 kjelder som det har vore tidlegare. Dette skal gjere møta meir effektive både med tanke på planlegging og gjennomføring.

Målet er alle bilete skal inn i DMA innan utgangen av 2016.



I DMA-programmet kan legane enkelt kan spele av video og sjå nærmare på bilete som ligg lagra. Bileta lastast direkte opp i den sentrale databasen. Foto: Øyvind Sjøthun Røen

ÅRSBERETNING

Positiv framgang når alle møter

Alle Møter-prosjektet kan allereie vise til svært gode tal. Sjukehusa i Helse Vest behandlar fleire pasientar enn nokon gong og ventetida er korta ned.

Alle møter starta opp som eit prosjekt i 2013, og er eit av dei prosjekta i Helse Vest som det har vore satsa mest på dei siste åra. Målet er at ventetida blir kortare, planlegginga betre og at fleire møter til timane sine. Med dei ulike løysningane vil Helse Vest IKT gjere det enklare å halde ein god dialog mellom sjukehus og pasient. Pasienten kan få oversikt over timar, og få endra avtalen om den ikkje skulle passe.

2015 har så langt vist at løysingane frå Alle Møter-prosjektet fungerer godt. Sjukehusa i Helse Vest behandlar fleire pasientar enn nokon gong og ventetidene er korta ned. I tillegg ser vi færre fristbrot og talet på korridorpasientar er det lågaste som er registrert sidan 2010.

Ei av årsaka til dei reduserte ventetidene er tiltaka gjennomført i forbindelse med prosjektet «Alle Møter», med langsiktig oppgaveplanlegging, auka utnytting av poliklinisk kapasitet, færre tapte timar p.g.a. manglande oppmøte og frigjering av tid brukt til endring av timar. Når fristbrota er vekke, vil ein starte eit målretta arbeid med å redusere ventetidene ytterligare, særleg ved dei poliklinikkane og avdelingane med lengst ventetid

Opna for tovegskommunikasjon

Det har lenge vore mogleg å sende melding til sjukehuset elektronisk via vestlandspasienten.no, men frå november i 2015 vart det og opna for at pasienten kan få svar elektronisk. Meldingane frå pasienten og svara frå sjukehuset blir journalført. Sidan det er snakk om personopplysingar, er sikkerheitsnivået høgt, dvs. pasienten loggar seg på gjennom den nasjonale ID-porten ved BankID, BankID på mobil, Buypass eller Commfides.

Lanserar app i januar

Med vestlandspasienten.no kan pasientane sjå sine timeavtarar og status på tilvisingane sine på nett. Dei kan kommunisere med sjukehuset om dei har spørsmål eller ønskjer å endre timen. No gjer vi det enda enklare for pasientane og lanserer i januar den nye mobilappen «Helsa mi». Alt for å få fleire pasientar til å møte til avtalt time.

Elektronisk tilgang i 2016

I løpet av 2016 skal pasientar i Helse Vest, over 16 år, få tilgang til journalen sin på nett via vestlandspasienten.no. Foreldre og føresette kan sjå journalen til barn under 12 år. Løysinga har allereie blitt testa på pasientar frå Universitetssjukehuset Nord-Norge (UNN), og vert om kort tid gjort tilgjengeleg for alle pasientar i Helse Nord. Eit snautt halvår seinare satsar Helse Vest på å kunne tilby det same gjennom vestlandspasienten.no.



I januar 2016 lanserte Vestlandspasienten mobilappen, "Helsa mi." Foto: Øyvind Sjøthun Røen

ÅRSBERETNING

Siste innsjutt for Støtte til samhandling

Programmet, Støtte til samhandling har hatt høg aktivitet i 2015, der det særleg har vore fem fokusområde.

Støtte til Samhandling er gjennomført over fleire år, men er no i ferd med å bli avvikla. 2015 har i den samanheng vore eit viktig og innhaldsrikt år for programmet, som det siste året i hovudsak har bestått av fem delprosjekt.

Basismeldingar

Føretaka i Helse Vest samhandlar no elektronisk med legekontora i sitt område på ein sikker måte, som gjer det mogleg å bytte ut papiret med elektronisk samhandling.

Helse Vest IKT har også bygd opp eit forvaltingsapparat som overvaker alle meldingar som vert sendt. Her blir det sikra at Helse Vest tek imot applikasjonskvitteringar på alle meldingar som vert sendt ut.

Pleie og Omsorgsmeldingar (PLO)

I Helse Vest har ein lagt til rette for elektronisk kommunikasjon av pleie- og omsorgsmeldingar (PLO) til kommunane. Det vert arbeidd vidare med tilrettelegging, slik at alle føretaka kan samhandle med alle kommunane på Vestlandet, ikkje berre innanfor deira eiga samhandlingsområdet.

Prosjektet har vidare hatt fokus på å etablere opplæringsmateriell, rutinar og løysing for bruk av PLO-meldingar til kommunar innan psykisk helse. Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde brukar no denne løysinga og det er planlagt at Helse Bergen tek den i bruk i løpet av desember.

Interaktiv tilvising og rekvisisjon (IHR)

Helse Vest si løysing for interaktiv tilvising og rekvisisjon (IHR), DIPS Interactor, er no installert og tatt i bruk i meir enn 160 legekontor i primærhelsetenesta. Løysinga gjev legar i primærhelsetenesta eit enklare og betre verktøy til å rekvirere laboratorietenester og til å sende bildediagnostiske og kliniske tilvisingar til helseføretaka i Helse Vest.

Løysinga for interaktiv tilvising og rekvisisjon (IHR) får gode tilbakemeldingar frå legekontora. Laboratoria i helseføretaka er klare på at IHR er ei kritisk løysing for deira elektroniske samhandling med legekontora.



DIPS Interactor gjev legekontora betre verktøy til å rekvirere laboratorietenester til helseføretaka i Helse Vest. Foto: Øyvind Sjøthun Røen

ÅRSBERETNING

Frittstående dialogmeldingar

På vegne av Nasjonal IKT HF har Helse Vest i 2015 også gjennomført ein nasjonal pilot for dialogmeldingar mellom legar i føretak og fastlegar. Meldingane vert lagra i pasienten sin journal og er med på å sikre pasientbehandlinga. Piloten har blitt godt teke imot av både legar i føretaka og fastlegar. To avdelingar i Helse Bergen, alle avdelingane på Haraldsplass Diakonale Sykehus, samt 16 fastlegar har vore med i piloten.

Adressering

Prosjektet har, saman med Helsedirektoratet, satt fokus på bruk av tenestebasert adressering i meldingar. Det er blitt klargjort for slik adressering i Norsk Helsenett sitt adresseregister. I samarbeid med leverandørar av legekonsultasjonar har legekonsultasjon blitt oppgradert til bruk av tenestebasert adressering.

Ny seksjon, betre overvaking

I september 2015 opna Helse Vest IKT Driftssenteret. Dei skal vere opne 24 timar i døgnet saman med Kundesenteret.

Det døgnbemanna Driftssenteret skal overvake dei sentrale tenestene, også om natta og på heilagdagar. Dersom det vert oppdaga alvorlege feil, vil desse bli forsøkt retta før brukarane blir ramma. I tillegg vil Kundesenteret sørge for at telefonlinja alltid er open for kundane.



Seksjonsleiar for Kundesenteret, Thomas Yrvin (tv.) og seksjonsleiar for Driftssenteret, Per Espelid Ertsland (th.) er no samlokalisert i same etasje, for å sikre eit godt samarbeid. Foto: Øyvind Sjøthun Røen

ÅRSBERETNING

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2015 var eit underskot på 0,6 mill. kr. Resultatet er 1,6 mill. kr under budsjett, og i tråd med forventning.

Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2015 visar eit overskot på 35,5 mill. kr.

Dei totale inntektene var 888,8 mill. kr. Av desse var 793,2 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 30,2 mill. kr sal av IKT-utstyr, 33,7 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 31,6 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt tilskot frå Helse Vest RHF).

Totale driftskostnader var 881,9 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 37,0 mill. kr, personalkostnader 253,7 mill. kr, avskrivningar 195,8 mill. kr og andre driftskostnader 395,3 mill. kr. Med netto finanskostnader på 7,5 mill. kr gjev dette årsresultatet på -0,6 mill. kr.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2015 var 1 040,5 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 81,8 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 186,8 mill. kr og utgjorde dermed 18,0 %.

Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning var 85,7 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt, men endringa er mindre enn føregåande år. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2015.

Om miljø

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2015 på 4,5 %, mot 4,7 % i 2014, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær. Selskapet har hatt ei positiv utvikling i sjukefråværet.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av video- og telefonmøter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet vart i 2014 sertifisert etter ISO 14001, og revisjon frå Det Norske Veritas vart gjennomført i november 2015.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2015 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

ÅRSBERETNING

Likestilling

43% av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. 46 % kvinner i styret samla sett. 30 % av leiinga (inkl. stabsleiarar) er kvinner, 20 % av avdelingsleiarane er kvinner, 35 % av seksjonsleiarane er kvinner.

Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha bredde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2015 var eit underskot på kr 550 180. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at underskotet vert ført mot annan eigenkapital.

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om *å bidra til forenkling av pasienthandsaminga*, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at *Tenesteavtalen* med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med *porteføljen* som er vedteken i Helse Vest.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

Stavanger, 9. mars 2016

Herlof Nilssen
Styreleiar

Jon Bolstad
Styremedlem

Eivind Gjerdal
Styremedlem

Olav Klausen
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Mette Kamsvåg
Styremedlem

Anne Sissel Faugstad
Styremedlem

Lars Erik Baugstø-Hartvigsen
Styremedlem

Bodil Lekve
Styremedlem

Ørjan Midttun
Styremedlem

Agnete Sjøtun
Styremedlem

Erik M. Hansen
Administrerende direktør

RESULTATREKNESKAP 2015

DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2015	2014
Basisramme	2	14 954	0
Anna driftsinntekt	2	873 818	769 028
Sum driftsinntekter	2	888 773	769 028
Varekostnad		37 024	15 284
Løn og andre personalkostnader	3	253 703	204 649
Ordinære avskrivningar	6	195 839	174 780
Andre driftskostnader	4	395 289	352 320
Sum driftskostnader		881 857	747 033
Resultat frå drifta		6 916	21 995
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADAR			
Finansinntekter	5	1 382	1 994
Finanskostnader	5	8 848	9 323
Netto finanspostar		-7 466	-7 329
Resultat før ekstraordinære postar		-550	14 666
Resultat i perioden		-550	14 666
Overført annan eigenkapital	11	-550	14 666
Sum overføringar		-550	14 666

BALANSEREKNESKAP 2015

EIGENDELAR	Note	2015	2014
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigendelar			
Programvarelisensar	6	435 903	419 537
Prosjekt under utvikling	6	183 523	132 079
Sum immaterielle eigendelar		619 427	551 616
Varige driftsmiddel			
IKT-utstyr, inventar transp.m. o.l	6	180 412	182 015
Anlegg under utføring	6	49 631	63 879
Varige driftsmiddel		230 044	245 894
Finansielle anleggsmiddel	7	1 957	1 623
Andre finansielle anleggsmiddel		1 957	1 623
Sum anleggsmiddel		851 428	799 133
Omlaufsmiddel			
Varer	8	7 229	5 389
Krav	9	96 150	128 480
Bankinnskott, kontantar og liknande	10	85 667	62 019
Sum omlaufsmiddel		189 045	195 888
SUM EIGENDELAR		1 040 473	995 022

BALANSEREKNESKAP 2015

EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2015	2014
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	11	150 319	150 319
Sum innskoten eigenkapital		151 319	151 319
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	11	35 527	36 078
Sum opptent eigenkapital		35 527	36 078
Sum eigenkapital		186 846	187 396
Gjeld			
Avsetjinger for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	12	47 478	32 479
Sum avsetjinger for forpliktingar		47 478	32 479
Anna langsiktig gjeld			
Langs. gjeld til føretak i same konsern	13, 14	643 035	657 200
Sum langsiktig gjeld		643 035	657 200
Skuldige offentlege avgifter		19 113	16 748
Anna kortsiktig gjeld	15	144 002	101 198
Sum kortsiktig gjeld		163 115	117 946
Sum gjeld		853 627	807 625
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 040 473	995 022

Stavanger, 9. mars 2015

Herlof Nilssen
Styreleiar

Jon Bolstad
Styremedlem

Eivind Gjerdal
Styremedlem

Olav Klausen
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Mette Kamsvåg
Styremedlem

Anne Sissel Faugstad
Styremedlem

Lars Erik Baugstø-Hartvigsen
Styremedlem

Bodil Lekve
Styremedlem

Ørjan Midttun
Styremedlem

Agnete Sjøtun
Styremedlem

Erik M. Hansen
Administrerende direktør

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING 2015

	2015	2014
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar:		
Årsresultat	-550	14 666
Ordinære avskrivningar	195 839	174 780
Endring i omlaufsmiddel	30 492	-36 877
Endring i kortsiktig gjeld	45 169	7 736
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	14 998	-4 951
Investeringsstilskot ført til inntekt	-11 856	-1 401
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	274 092	153 954
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-247 800	-271 645
Inn-/utbetalingar ved sal/kjøp av fin.anl.m	-334	-306
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-248 134	-271 950
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	0	60 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs. gjeld	-2 309	-2 309
Innbetaling av investeringstilskot	0	47 400
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-2 309	105 091
Netto endring i likviditet	23 649	-12 906
Likvide middel 01.01	62 019	74 924
Likvide middel 31.12	85 667	62 019
Likviditetsreserve 31.12	85 667	62 019

NOTAR

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2015 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillings-prinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Helse Vest IKT AS blei stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot. I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Konsolidering

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Rammetilskot

Rammetilskot frå Helse Vest blir inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

Øyremerka tilskot

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i den perioden kostnadene med aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar blir inntektene førte i same perioden som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Andre inntekter

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket, er aktiverte.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare blir aktivert og avskrivne over økonomisk levetid.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir ført opp i balansen til historisk innkjøpskost trekt frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar blir lagde til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som de kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring blir aktiverte som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmiddel blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifiserte som driftskostnader.

Nedskriving

Nedskrivingar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar blir vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

NOTAR

Eigenkapitalinnskot i KLP

For eigenkapitalinnskotet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt berre er inn- og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskotet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO- prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskriving for pårekeleg ukurans er gjord i samsvar med god rekneskapsskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetjing til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

Pensjoner

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

